



Tormod Fosheim har innkalt til eit viktig møte om turistanlegge i morgon (Foto. Ola Matti Mathisen)

**Eit viktig sak i Uskedalen er kva som skal skje med turistanlegga framover og i morgon blir det halde eit møte om det i Rådhuset. Verksemdsleiar Tormod Fossheim har innkalt Rabben Feriesenter og Øyro Marina og fått bekrefta at dei vil møte, opplyser han til uskedalen.no**

Fossheim viser til at fylkesmannen si miljøvernavdeling trekte motsegna mot planen, som no er kunnngjort.

Det er ikkje komen klager og kommunestyret sin godkjenning av planen er dermed endeleg og treng ikkje sendast til departementet likevel.

I innkallinga til morgondagens møte strekar Fossheim under at planen gjev nye mogelegheiter for området, men samstundes set han også vilkår for utviklinga.

- Eg trur det er viktig at vi tek eit avklarande møte kirng dette, held verksemdsleiaren fram og siktar då ikkje minst til ymse planar som har vore bremsa eller stoppa i påvente av reguleringsplanen.

Eit av prosjekta i området som no blir aktualisert er toalettanlegget på Rabben og eit anna det planlagte utbyggingsområdet på Øyro (langs elva).

Av Ola Matti Mathisen



Planen for dette området er no klar